



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Att. Jakob Fjellanger
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår dato: 01.10.2018
Deres dato: 22.05.2018

Vår referanse: 2018/9481-6
Deres referanse: 201700791-6 kv/jfj

Vår saksbehandler:
Håvard Hoftun, tlf. 32 80 87 30

Høring av revisjonsdokument for regulering av Uste-Hallingdalsvassdraget

Me syner til høring av revisjonsdokument for Holsreguleringa i Hol og Ål kommunar, Buskerud fylke. Fylkeskommunen fekk utsatt høringsfrist til 1. oktober når det kjem til automatisk freda kulturminne.

Opphavlege konsesjonar som skal reviderast:

- Kgl. Res. Av 20.07.1962: Tillatelse for Foreningen til Hallingdalsvassdragets regulering til å foreta reguleringer og overføringer i Uste-Hallingdalsvassdraget m.v., samt tillatelse for Oslo Lysverker til å ekspropriere grunn og rettigheter m.v. for utbygging av Uste og Nes kraftverker.
- Kgl. res. av 05.07.1968: Tillatelse for Foreningen til Hallingdalsvassdragets regulering til å foreta overføring av Votna og Lya til Nes kraftverk. Nytt manøvreringsreglement for reguleringen av Uste-Hallingdalsvassdraget m.v.
- Kgl. res. av 03.04.1970: Tillatelse for Foreningen til Hallingdalsvassdragets regulering til å regulere Rødungen og å overføre avløpet til Hallingdalsvassdraget.

Uttale angående automatisk freda arkeologiske kulturminne

I 2008 vart det innført ei ordning med sektoravgift som skal brukast til arkeologiske undersøkingar i vassdrag bygd ut før 1960. Slike vassdrag er lite eller ikkje undersøkt tidlegare.

Gjeldande revisjon ofr Uste-Hallingdalsvassdraget er derimot bygd ut etter 1960, og dei arkeologiske undersøkingane er soleis gjennomført før utbygging, etter krava og metodane frå den tida.

Me syner til undersøkingssrapport frå Uste- Finsevassdraget i 1960-61, vedlagt. Svært mange lokalitetar vart registrert og undersøkt, hovudsakleg lokalitetar frå steinalder. Undersøkingane vart gjennomført i det som den gong var til saman 9 vatn; Ustevatn, Sløtfjorden, Nygårdsvatn, Bergmulsvatn, Finesevatn, Ørteren, Lægreidvatn, Nedre og Trestiklan. Dei fire siste skulle samlast

til eit vassmagasin, i dag kalla Ørteren. Foutan steinalderlokalitetane, vart det registrert mange hustufter, kolgroper og slaggførekomstar etter jernvinner.

Det er tydeleg at det vart prioritert å undersøke steinalderlokalitetane, saman med ei spesiell fangstbu etter massefangst av rein på 1200-talet. Bua vart påvist i Ørteren – kalla Ørteren VII. Kolgropane og jernvinnene vart ikkje prioritert undersøkt.

Fylkeskommunen si vurdering

Fylkeskommunen vurderer det slik at Uste-Hallingdalsvassdraget er godt undersøkt når det kjem til steinalderlokalitetar, men at det nok skulle vore sett litt betre fokus på kol- og jernframstillingsaktiviteten i jernalder og mellomalder. Ved eventuelt seinare og nye utbyggingar eller endringar reguleringsvilkåra for magasinane, spesielt i Ustevatn og Ørteren, vil det vera aktuelt å sjå vidare på desse problemstillingane med ny kunnskap. Det kan og vera aktuelt å krevje supplerande undersøkingar ved nye tiltak nær tidlegare registrerte og delvis undersøkte steinalderlokalitetar.

Med venleg helsing

Turid Kolstadløyken
fylkeskonservator

Håvard Hoftun
fagleder arkeologi

Hvis du ønsker å svare elektronisk: www.bfk.no/edialog (kan også benyttes til sensitive opplysninger). Eventuelt www.bfk.no – under kontakt oss.

Vedlegg:

1 Uste-Finse arkeologisk rapport

Kopi til:

HOL KOMMUNE	Ålmannvegen 8	3576	HOL
ÅL KOMMUNE	Torget 1	3570	ÅL
FYLKESMANNEN I BUSKERUD	POSTBOKS 1604	3007	DRAMMEN
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO